
Saksnr: 2020/46488-3
Saksbehandlar: Lars Erik Lunde
Dato: 26.10.2020

Til: Hovudutval for samferdsle og mobilitet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Atløysambandet - status og framdrift

Fylkesrådmannen vil i dette notatet gje ei orientering om reviderte retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer og status og framdrift for Atløysambandet.

Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer

Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer vart fastsett av Samferdselsdepartementet (SD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), 22. februar 2016. Sist revidert 7. oktober 2020. Retningslinjene vart presentert i samband med statsbudsjettet for 2021, jf. Prop. 1 S (2020-2021) frå KMD, jf. vedlegg.

I tillegg vart det i Prop. 1 S (2020-2021) gitt følgjande omtale av oppmodingsvedtak knytt til ei tilskotsordning i samband med ferjeavløysingsordninga:

Vedtak nr. 727, 17. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen om at det legges fram en egen tilskuddsordning i forbindelse med fergeavløsningsordningen som kan avhjelpe rentekostnadene de første årene etter at et fergeavløsningsprosjekt er ferdigstilt, og komme tilbake med endringsforslagene i forslaget til statsbudsjett for 2021.»

Prop. 1 S:

«Dokumentene som ligger til grunn for vedtaket er Prop. 105 S (2019-2020) Kommuneproposisjonen 2021 og Innst. 383 S (2019-2020). Departementet tar sikte på å komme tilbake til saken i forbindelse med statsbudsjettet for 2022.»

Status og framdrift Atløysambandet

Søknadsprosess

I følgje retningslinjene skal fylkeskommunen avklare om vegprosjektet kjem inn under ordninga før den utformar den endelege søknaden om ferjeavløysingsmidlar. Sogn og Fjordane fylkeskommune sende søknad om førehandavklaring for Atløysambandet 30. aug 2017. I brev datert 26. september 2017 vart det gjeve stadfesting frå SD om at prosjektet fyller kriteria for å koma inn under ordninga.

I brev datert 4. mai 2018 berekna KMD eit overslag på 27,8 mill. 2018-kr i årlege ferjeavløysingsmidlar for prosjektet med utgangspunkt i inntektssystemet og kriteriedata for 2018.

Neste steg for prosjektet vil vere ein formell søknad om ferjeavløysingsmidlar, jf. retningslinjene pkt. 4.3. Det er fylkestinget som må behandle søknaden, inkludert ein førebels finansieringsplan.

I retningslinjene pkt. 3.3 er det sett følgjande krav til ein slik søknad:

«Før søknaden kan behandlast endeleg, må det liggje føre ein godkjent reguleringsplan og ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/- 10 prosent. Fylkeskommunen skal sørge for at det er gjennomført ei ekstern kvalitetssikring ved større prosjekt. Beløpsgrensa for kravet om ekstern kvalitetssikring er den same som grensa som til ei kvar tid gjeld for KS2 (Kvalitetssikring og kostnadsoverslag) i statlege prosjekt. Per mars 2019 var beløpsgrensa 1 mrd. kroner.»

Kostnadsoverslag for Atløysambandet er sett til 1 059 mill. 2019-kr. Prosjektet er såleis over beløpsgrensa for kravet om at fylkeskommunen må gjennomføre KS2 før ein søknad kan behandlast.

Planstatus

Statens Vegvesen/Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune har utarbeidd reguleringsplan for Atløysambandet. Planen er vedteken i Askvoll kommune 10.07.20. Prosjektet omfattar bygging av fastlandssamband til Atløyna med tre bruer samt nødvendig vidareføring av veg i dagen på fastlandet i Olsetvika, på Prestøyna, Nordre og Søre Sauesundøyna og på Atløyna.

Kostnadsoverslag (P 50) er 1 058,9 mill. 2019-kr. I tillegg kjem kostnadane ved utgraving av kulturminne, samt registrering av kulturminne i sjø. Utgraving har vi ikkje fått pris på. Kulturminneregistreringar i sjø har vi fått utsett til byggeplanfasen. I reguleringsplanen ligg det og klausul på utgraving av kulturminne i Sauesundet(sjø) og noko på Grov. Dette vart eit kompromiss når planen var til offentleg ettersyn. Det er regulert inn gang og sykkelveg på bruene og på land. Gangveg på land kan ev. vere på ei kuttliste.

Reguleringsplanen og kostnadsoverslaget er no klar for ein ev. KS2-vurdering.

Vidare prosess og framlegg til budsjett for 2021-2024

I økonomiplan for 2020-2023 var det sett opp ei samla løyving til Atløysambandet med 716,8 mill. kr i perioden 2021-2023. I samband med arbeidet med økonomiplan 2021-2024 vart prosjektet skyvd utover i tid i grunna mål om lågare investeringsnivå og gjeldsgrad.

I framlegg til økonomiplan 2021-2024 er Atløysambandet budsjettert ei løyving på 10,3 mill. kr i 2024.

Gjennomføring av ein ev. KS2 vil ha ein kostnad på 2-3 mill. kr og prosessen vil kunne ta omlag 6 mnd. Ut frå framlegg til budsjett/økonomiplan 2021-2024 vil arbeidet med KS2 kunne startast opp i 2024. Reguleringsplanen og kostnadsoverslaget vil då vere 5 år gammalt slik at det kan bli naudsynt med ein oppdatering/gjennomgang av kostnadsanslaget før bestilling av KS2.

Ein slik framdriftsplan vil kunne gi grunnlag for å sende søknad om ferjeavløysningsmidlar etter ei behandling i fylkestinget i løpet av 2024.

Etter at KMD har gjort nødvendige vedtak om ferjeavløysningsmidlar må fylkestinget stadfeste prosjektet med eit endeleg finansieringsvedtak. Deretter vil vi kunne starte arbeid med utarbeiding av anbudsgrunnlag. Oppstart med bygging vil då truleg kunne skje i løpet av 2026. Førabels legg vi til grunn omlag 3 års byggetid.

Fylkesrådmannen vil avslutningsvis informere om at vi no har bedt departementet oppdatere anslaga for ferjeavløysningsmidlar for alle aktuelle ferjeavløysningsprosjekt i Vestland som grunnlag for det vidare arbeidet med regional transportplan.

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for ferjeavløysningsordninga for fylkesvegferjer 7 okt 2020